



Ola Matti Mathisen leverer redaktørpinnen til Kristian Bringedal. Thor Inge Døssland held fram som skrivande medarbeidar. (Foto: Åse Neset.)

Etter ein formidabel innsats, og ti år i redaktørstolen, leverer Ola Matti Mathisen stafettpinnen som planlagt vidare til neste redaktør. Når ein så markant mediamann gjev frå seg roret, er det kjekt at vi kan melda om ei god løysing. Kristian Bringedal startar pensjonisttilværet som den nye redaktøren for uskedalen.no.

Det er arbeid fram til ei god løysing. Kristian er også leiar i Uskedal Utvikling som eig nettsida, og det er både ei praktisk og god løysing at han no vert redaktør. Han har også tidlegare skrive ein del stoff til nettstaden. Erfaring frå avisarbeid har han også frå tidlegare. Frå 1975-77, medan han var lærar på Sunnhordland folkehøgskule, jobba han som frilansjournalist i Kvinnheringen. Då Uskdalsdagane vart arrangert for vel 30 år sidan, var han også involvert i arbeidet med messeavisa som då kom ut kvart år. Dei siste åra har han levert ei rekkje artiklar til Uskedalsposten.

Med seg i drifta av uskedalen.no har den nye redaktøren ei redaksjonsnemnd. Dei fleste i den held fram. Thor Inge Døssland held fram som skrivande medarbeidar. Svært gledeleg er det at fleire nye er positive til vera med å skriva for nettstaden. Frå hausten vert det også arbeid vidare for å få kontaktpersonar i alle lag og organisasjonar.


Ein svært viktig del av arbeidet i redaksjonsnemnda er av teknisk karakter. Hans Ordin Østebø har med seg Tore Mathiesen i dette arbeidet.

Sjølv om det er redaktørskifte, vil uskedalen.no i stor grad følgja same redaksjonelle linje som i Ola Matti Mathisen si redaktørtid. Nettstaden si grunnlov kan setjast opp i følgjande punkt:

- Vi skal vera temamessig så nær lesarane som mogeleg.
- Vi skal vera så aktuelle som mogeleg.
- Vi skal ha ein positiv tone i det vi skriv om bygda.

- Vi skal ikkje drive gravejournalistikk som går ut over einskildmenneske.
- Vi skal vera eit talerøyr for lag, organisasjonar og næringsdrivande.
- Vi skal bidra til å knyta Uskedalen saman til eit harmonisk og spennande fellesskap.
- Vi har ikkje personalia.

Også den nye redaktøren ønskjer at desse punkta skal vera ei rettesnor for arbeidet vårt, og vi ser fram til å samarbeida både med han og nye og gamle medarbeidarar.



Hans Ordin Østebø er svært viktig med sin tekniske kompetanse, og har Tore Mathiesen med seg i det arbeidet.(Foto: K. Bringedal)
Tekst og nett: Thor Inge Døssland